

SOS4011
Teorifordypning i sosiologi

HAUST 2008

10 STUDIEPOENG

HEIMEEKSAMEN

Oppgåva blir delt ut fredag 28. november kl. 12.00 frå emnesida på nett. Oppgåva leverast inn fredag 5. desember mellom kl. 11.00 og 14.00 til instituttet sin representant i skranken til venstre for SV Infosenter, 1. etg i Eilert Sundts hus. Om du vil levere før, ta kontakt med eksamenskonsulent Marte Finess Tretvoll på m.f.tretvoll@sosgeo.uio.no.

Sensur fell etter munnlege eksamenar i veke 2 og 3, 2009.

Oppgåveset består av **7 sider** og inkluderer framside, oppgåvetekst, retningslinjer og obligatorisk erklæring.

Kandidaten skal levere 2 eksemplar av oppgåvesvaret. Saman med oppgåvesvaret skal kandidaten levere inn den obligatoriske erklæringa som er delt ut saman med eksamensoppgåvene.

LUKKE TIL!

Seminar 1: Organisasjonar; handlingsføresetnader, leiing og strategi

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

Drøft korleis politiske føresetnader ligg til grunn for organisasjonane sin funksjonsmåte i moderne samfunn.

Eller

Diskuter tydinga av kultur og symbol i organisasjonar, og sjå dei i samanheng med organisasjonane sine rasjonelle og strategiske sider.

Seminar 2: Teoretiske perspektiv i kulturstudiar

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

I Dagbladet 9.11.2008 kunne vi lese ein artikkel av Rune Lykkeberg, kulturredaktør i den danske avisa Information. Artikkelen (vedlagd) teiknar korleis den danske "kultureliten" har møtt på aukande motstand, og korleis den særleg etter valet i 2001 på sett og vis har blitt detronisert. Lykkeberg rører her ved nokre viktige sider ved forholdet mellom kultur, makt og klasse. Ei rekkje pensumbidrag tek opp det same, frå ganske ulike perspektiv. Vi kan rekne med at ikkje alle forfattarar på pensum ville teikne situasjonen i Danmark akkurat slik Lykkeberg gjer. Bruk pensumlitteratur til å kaste lys over det fenomenet Lykkeberg er oppteke av frå ulike synsvinklar, og trekk dine eigne konklusjonar. Kan slike utviklingstrekk som Lykkeberg teiknar bli observert i Noreg? Er Lykkeberg si analyse rimeleg nytta på norske forhold? Er den rimeleg i det heile tekne? Bruk også eksempel frå norsk samfunnsliv og/eller samfunnsdebatt som kan tydeleggjere argumentasjonen din. Du kan dessuten trekke inn litteratur som ikkje er pensum, men pensumlitteraturen må stå i sentrum i din besvarelse.

Eller

Fleire pensumbidrag tek opp forholdet mellom *individ* og *struktur*, på ganske forskjellige måtar. Ikkje minst gjeld det *endringar* i forholdet mellom individ og struktur i vår tid. Vel nokre forfattarar frå pensum som representerer ulike perspektiv, og gjer greie for korleis dei handterer dette spørsmålet. Forklar kvifor og på kva måte *kultur* kjem inn i biletet, og korleis dette omgrepet kan forståast i ein slik samanheng. Finn eksempel på samfunnsfenomen, frå pensumlitteraturen og frå dagens norske samfunn, som kan underbygge argumentasjonen din. Du kan også trekkje inn litteratur som ikkje er pensum, men pensumlitteraturen må stå i sentrum i oppgåvesvaret ditt.

Seminar 3: Bourdieu, Foucault, Habermas og kjønn

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

Presenter og diskuter den feministiske kritikken av Bourdieu, Foucault eller Habermas

Eller

Drøft omgrepet kvinnefrigjering i lys av Bourdieu, Foucault og Habermas.

Seminar 4: Klasse og ulikskap – sentrale debattar

Vel ein av følgjande to oppgåver:

Anten

Diskuter og samanlikn sosiologi om utdanning og sosial mobilitet hos Bourdieu og Goldthorpe. Knyt diskusjonen til grunnleggjande perspektiv i den sosiologiske tenkinga deira.

Eller

Diskuter forskjellige syn på sosial rettferd. Trekk inn grunngevingar for kvifor ulikskap kan vere rettferdig. Bruk gjerne konkrete eksempel.

Retningslinjer/ praktisk informasjon om hjemmeeksamen:

- * Oppgaven skal ha et omfang på maksimalt 4000 ord (ca 10 sider). Forside, sammendrag, litteraturhenvisninger og eventuelle vedlegg regnes ikke med.
- * Bruk 12 punkts skriftstørrelse og linjeavstand 1 1/2.
- * Oppgaven skal ha et sammendrag på ca. 10 linjer først i oppgaven. Sammendraget settes inn på en egen side mellom forsiden og selve eksamensbesvarelsen.
- * Sett inn sidetall i oppgaven
- * Referanselisten skal avsluttes med setningen "Alle kilder som er brukt i denne oppgaven er oppgitt"
- * For retningslinjer på referansebruk, se: Litt om skriving av oppgaver: <http://www.iss.uio.no/studier/sos/studiekons/littomskrivning.html>
- * På forsiden av oppgaven skal følgende informasjon stå:
 1. Oppgavens tittel
 2. Emnets og emneansvarliges navn
 3. Innleveringsdato og sted (Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi)
 4. Kandidatnummer (Hentes fra Studentweb)
 6. Antall ord i oppgaven (Forside, sammendrag, litteraturhenvisninger og eventuelle vedlegg regnes ikke med)

LYKKE TIL!

OBLIGATORISK ERKLÆRING

Jeg erklærer herved at min eksamensoppgave som er levert til emnet _____ ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo,

1. ikke leveres eller har vært levert i sin helhet eller deler til et annet kurs/emne i dette semesteret eller et tidligere semester,
2. ikke har vært levert i sin helhet eller i deler til en annen eksamen ved et annet institutt/universitet/høgskole innenlands eller utenlands,
3. ikke bygger på andres arbeid uten å oppgi kilde,
4. ikke bygger på eget tidligere arbeid som tidligere er trykket, uten at dette er oppgitt,
5. har med alle referanser, i teksten underveis og i referanselisten/litteraturlisten,
6. ikke har gjengitt avsnitt eller setninger fra andres arbeid uten at disse er merket, med anførselstegn og sidehenvisning , og heller ikke har med delvis omskrevne avsnitt eller setninger fra andres arbeid.

Jeg er kjent med at brudd på én eller flere av disse bestemmelsene er å betrakte som dårlig henvisningsskikk, plagiat eller uredelighet. Dette kan i verste fall betraktes som fusk og kan føre til annullering av eksamen og eventuelt utestenging i kortere eller lengre tid.

Jeg har også gjort meg kjent med innholdet i linken "Litt om skriving av oppgaver":
<http://www.iss.uio.no/studier/sos/studiekons/littomskrivning.html>

Denne innleverte besvarelsen kan brukes til undervisningsformål i anonymisert form

(sett kryss): JA
NEI

Sted og dato _____

Studentens navn _____

Kandidatnummer _____

Underskrift _____